



Ein av tre murkantar er sikra med gjerde og nye stolpar.

Kvinnherad Vekstbedrift har starta arbeidet med tilrettelegging for delvis nye aktivitetar i Uskedal Trelastlager sine bygg og anlegg i Beinavikjo. Deler av sjølve trelastlageret vert mellom anna gjort klar for snikkarverkstad og vedproduksjon. Ute vert alle murkantar sikra med gjerde for å hindra fallskade. Dette vert gjort både med tanke på brukarane og kundane.

Øyvind Hatteberg har vore byggeleiar for arbeidet så langt. Arbeidet omfattar tilsaman tre murkantar, ein mot sjøen, ved porten og parkeringsplassen og på kanten langs kommunevegen mot det som var fabrikkboligen (Tippehuset).

Gamalt gjerde vert fornya med ny not. Godt brukande stolpar vert pussa og behandla. Alt vert gjort med tanke på HMS og for å hindra fall og skade.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Øyvind Hatteberg har vore leiari for arbeidet med å sikra fallhøgde på murkantane.